

Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Austrheim kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 23.04.2015  
Revisjonsrapport nr. 11

## **Årsrekneskapen 2014**

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2014. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 seier at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang og som informasjon for kontrollutvalet.

Mindre merknader til rekneskap og dokumentasjon er teke opp med økonomiavdeling under revisjonen og avklart før ferdigstilling av rekneskapen.

### **Driftsrekneskap**

#### **Budsjett**

Etter rekneskapsforskrifta § 3 skal driftsrekneskapen vise budsjett og rekneskap på same detaljnivå som kommunestyret sitt budsjettvedtak. Det er ikkje fult samsvar mellom opphavleg budsjettvedtak og opphavleg budsjett i rekneskapsskjema 1 B.

For 2015 ber vi om at rekneskapsskjema 1B blir skrive ut i samband med budsjettendringar slik at kommunen kan kontrollere dette gjennom året.

Netto driftsresultat for 2014 er negativt med kr 7,1 mill. Resultatet er nærare omtalt i kommunen si årsmelding. Det har vore store avvik på fleire budsjettpostar. For å oppnå god budsjettstyring må det sikrast at budsjettet er realistisk. I budsjettoppfølging 2015 blir det viktig å leggje stor vekt på siste års rekneskap og ha konkrete planar for gjennomføring dersom ein forventar innsparing i høve til rekneskapstal for 2014. Det må også gjerast løpande vurdering av budsjettavvik og inndecking. Avvik som ikkje kan dekkast gjennom innsparing må medføre budsjettjustering slik at ein veit kvar det må hentast midlar til inndecking.

## **Kontroll av grunnlag for inntektsføring**

I 2014 har vi gjennomført kontroll av inntektsføring ved legekontor og ved SFO Årås skule.

Fakturering og inntektsføring av SFO var i samsvar med kontrollerte stikkprøver mot inntektsgrunnlag.

Kontroll ved legekontor viser avvik mellom inntektsførte beløp basert på oppstilling frå legekontoret og rapportar frå fagsystemet ved legekontoret. Avvika er tatt opp med- og gjennomgått av økonomikontoret utan at ein har avdekket kva desse skuldast.

Vi ber om at det blir avklart kva som er årsakene til desse avvika og at rutine for avstemming mellom inntektsføring og fagsystem blir innført som fast månadleg rutine. Under denne må og inngå kasseoppgjer med oppteljing og avstemming mot bokført saldo. Denne dokumentasjonen må ligge som vedlegg til kommunerekneskapen.

## **Fakturering av kommunale gebyr**

Kommunale gebyr er i enkelthøve fakturert til leigetakarar av fast eigedom etter avtale mellom kommunen og eigar. Dei kommunale gebyra er knytt til gards og bruksnummer og er sikra med legalpant. Det er difor viktig at faktura for kommunale gebyr blir sendt til eigar av fast eigedom då det er denne kommunen har eit pantesikra krav mot. Vi ber om at dette blir følgd opp i 2015.

## **NAV sosialutbetalingar**

Vi har kontrollert sosialutbetalingar gjennom stikkprøver. I desember har vi notert nokre utbetalingar som kun er godkjent med ein signatur i bilagsdokumentasjonen. Vi ber om at dette blir følgd opp i 2015 slik at ein sikrar at godkjenning av alle utbetalingar er dokumentert med to signaturar.

## **Renteinntekter forvaltningslån**

Renteinntekt på forvaltningslån har avvik mellom oppgave frå Sparebanken Vest og bokført beløp. Avviket synest å ha samband med korleksjon av ein tidlegare transaksjon i 2010. Generelt ber vi om at avvik mot eksternt avstemningsgrunnlag blir dokumentert og forklart i årsavslutningsdokumentasjonen.

## **Investeringsrekneskap**

### **Rekneskapsskjema 2B**

Skjema 2B viser nokre prosjekt som har høgare rekneskapsførte utgifter enn endra budsjett. Vi minner om at årsbudsjettet med endringar er den økonomiske fastsette ramma og det må gjerast vedtak om tilleggsløyving dersom administrasjonen skal ha løyve til å bruke ressursar ut over dette.

### **Investeringsutgifter**

Kommunestyret vedtok 20.03.2013 sak 042/13 veganlegg ved Kommunehuset. Det framgår av saka at rådmann får fullmakt til å gjennomføra veganlegget i tråd med saksframstillinga. Anlegget blir finansiert med midlar frå sal av kommunalt areal kr 0,425 mill. ymse fond kr 1,8 mill. og kr 2,0 mill. av avsette prosjektmidlar frå prosjekt 026215 nye omsorgsbustader Kaland. Total finansiering blir då kr 4 225 000. I dette vedtaket blir og vist til KS-037/13 der rådmannen får fullmakt til å forhandle med eigarane av Mastrevik Torg og YX om kostnadsdeling for prosjektet.



Etter FOA (Forskrift om offentlige anskaffelser) § 1-2 (3) er bygging av veg utført av private som ikkje er omfatta av anskaffingsforskrifta omfatta av regelverket dersom anskaffinga er direkte subsidiert med over 50 % av det offentlege.

Klagenemnda for offentlege anskaffingar har lagt til grunn at anskaffinga kan vere omfatta av regelverket trass i at finansieringa ikkje overstig 50 % av total prosjektkostnad dersom anskaffinga i realiteten har skjedd på vegne av det offentlege.

Basert på tilbod frå entreprenør og sakspapira til KS skal kommunen dekkja over 50 % av total prosjektkostnad. Det er ikkje framlagt dokumentasjon i form av totalrekneskap i kommunen som viser korleis faktisk fordeling av utgiftene i prosjektet har skjedd. Torghuset AS har vidarefakturert kommunen tilsvarende faktura som dei har motteke frå entreprenør.

Ut frå gjeldande eigartilhøve, utført arbeid og kostnadsfordeling synes prosjektet i vesentleg grad å vere eit kommunalt prosjekt og er følgjeleg omfatta av regelverket om offentlege anskaffingar.

Kommunen pliktar etter FOA § 1-2 (3) å gjere merksam på at regelverket om offentlege anskaffingar gjeld for anskaffinga. Kommunen har på førespurnad ikkje lagt fram dokumentasjon på at anskaffinga er gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

Etter vår vurdering og basert på innhenta informasjon og opplysningar er prosjektet ikkje handsama i samsvar med lov om offentlege innkjøp. Det er ikkje framlagt dokumentasjon på at konkurranse er gjennomført og prosjektet har ikkje vore lagt ut på Doffin.

Vi vil tilrå at kommunen i størst mulig grad vel å stå som byggherre i prosjekt som i stor grad dekkjer kommunale behov. Dette gjer det lettare å sikre rett formell handsaming samt at kommunen har fullstendig dokumentasjon av alle avtalar og oversikt over totalkostnader og eventuell fordeling.

Manglande kunngjering på Doffin har vi kommentert i revisjonsmelding for 2014.

## **Sluttoppgjer Kystbarnehagen**

Vi har fått opplyst at det er fastsett endeleg sluttoppgjer med entreprenør for Kystbarnehagen. Sluttoppgjeret er dokumentert med brev frå Trygge Barnehager sin advokat. Vi har ikkje fått bekrefte bokført saldo hjå entreprenøren.

## **Balanse**

### **Anleggsaksjer og utlån**

Kommunen har aksjar under anleggsmidlar med kr 1 250 000 og lån under utlån med kr 875 000 som gjeld Austrheim Næringssselskap AS. Dette selskapet hadde pr. 31.12.2013 negativ eigenkapital med kr 306 000. Rekneskapsforskrifta § 8 omtalar kriterier for nedskriving av anleggsmidlar.

*Anleggsmidler skal nedskrives til virkelig verdi i balansen ved verdifall som forventes ikke å være forbigående.*

Det er ikkje gjort nedskriving av posten i 2014. Som dokumentasjon til årsavslutning 2014 burde det vore utarbeidd notat som viste til indikasjon på mulig nedskriving og kommunen sin vurdering av dette. Det ville hatt god informasjonsverdi om denne vurderinga og var teke inn i note 4. Kommunal rekneskapsstandard nr. 9, Nedskriving av anleggsmidlar, omtalar finansielle anleggsmidlar i punkt 3.4:

*Virkelig verdi for finansielle anleggsmidler er som hovedregel eiendelens salgsverdi. Dersom aksjer og andeler klassifisert som finansielle anleggsmidler ikke omsettes i et fungerende marked, estimeres salgsverdien ved beste skjønn. Utlån og andre langsiktige fordringer verdsettes til realisasjonsverdien, dvs. den forventede tilbakebetalingen på fordringen.*

Vi ber om at slik vurdering blir utarbeidd i 2015 og lagt til grunn for neste års rekneskap.

Kommunen har gitt garanti for selskapet slik det går fram av note 5. Vi minner i den samanheng og om notekrav i KRS nr. 6 som er aktuelle dersom kommunen må innfri garanti eller det blir sannsynleg at kommunen må innfri denne.

*Har det oppstått tap på garantier eller innfrielser av garantier i året skal opplysninger om tapet/innfrielsen spesifiseres og det skal redegjøres for eventuelle virkninger på senere års regnskap/budsjett. Dersom det er sannsynlig at kommunen må innfri garantier, gis det noteopplysninger i samsvar med KRS nr. 7, jf. punkt 3.1.2 nr. 2.*

Det er ikkje gitt slike noteopplysningar i 2014 og dette inneber at kommunen ikkje reknar det som sannsynleg pr. 31.12.14 at garantien må dekkast.

### **Eldre postar sosiallån**

Sosiallån og etableringslån har nokre eldre postar som har stått mange år utan endring. Vi ber om at det blir gjort ei vurdering av desse og nedskriving av ikkje reelle krav.

### **Klassifisering fond**

Det er bokført høgare bruk av disposisjonsfond enn det framgår av kolonne for endra budsjett. Dette skuldast at ein del prosjektmidlar som er motteke tidlegare år til særlege tiltak er ført på disposisjonsfond. Vi ber om at mottekne tilskot som er øyremærkt blir ført på bundne fond dersom dei ikkje er nytta det aktuelle året. Avsetjing på disposisjonsfond må berre gjelde midlar som kommunestyret fritt disponerer og for desse midlane vil kommunestyret sitt vedtak om bruk eller avsetjing vera bindande.

### **Kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld**

Rekneskapen inneheld ein del eldre postar på kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld som har stått uendra i ei årrekke og det er usikkert om desse representerer reelle postar. Vi ber om at det blir gjort ei vurdering av desse i 2015 og at eventuelle ureelle postar blir avklart og eventuelt korrigert.

Som kortsiktig fordring merka «Fylket-Solen VA etappe II utb. etter 2013» står bokført kr 800 000. Vi har ikkje fått stadfesta beløpet hjå fylkeskommune eller vegvesen. Denne må avklarast i 2015 med omsyn til at den er reell og eventuelt kor tid tilbakebetaling vil skje.

Det er og bokført kortsiktig fordring Fylkestilskot på kr 300 000 som ikkje er bokført innbetaling på i 2015. Denne er ikkje dokumentert på anna måte og må fylgjast opp i 2015.

### **Bankkontoar utanom rekneskapen**

Det er under revisjonen notert bankkontoar som kommunen står som eigar av, men som ikkje er med i kommunerekneskapen. Vi har fått opplyst at dei nevnte bankinnskota er avklart i 2015. Bankkontoar utanom rekneskapen er ein generell mislighetsrisiko og vi ber om at det

blir innhenta opplysningar i 2015 som sikrar at alle slike er identifisert og avvikla eller lagt inn i kommunerekneskapen.

### **Andre forhold**


Kommunen er omfatta av Lov om bokføring. Denne set mellom anna krav om at balansen skal vera dokumentert og avstemt pr. 31.12. Dette inneber at alle balansepostar som ikkje er ubetydelege må ha dokumentasjon som sannsynleggjer at bokføring er korrekt. I dei tilfelle det er avvik mot ekstern dokumentasjon må det liggje ved forklaring til bokføringa. Vi ber om at det blir lagt ved dokumentasjon av alle postar i balansen ved neste årsoppgjer. Desse kan gjerne systemiserast gjennom nummerering tilsvarande arten dei dokumenterer.

### **Konklusjon**

Manglande utlysning på Doffin av investeringsprosjekt er teke inn som kommentar i revisjonsmelding.

Øvrige kommentarar er ikkje vurdert som vesentlege i forhold til revisjonsmelding og godkjenning av årsrekneskapen for 2014, men er viktig for den totale kvaliteten på rekneskapsavslutninga og vi ber om at dei blir følgd opp vidare i 2015.

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef

